

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 01.02.2007
Sakbehandlar: Per Karlsen
Saka gjeld: **ETABLERING AV REKNESKAPS- OG LØNSKONTOR FOR HELSE VEST RHF,
APOTEKA VEST HF OG HELSE VEST IKT AS**

Styresak 013/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn

Helse Vest RHF sin kontrakt med Lindorff Accounting om føring av rekneskap og løn går ut 1. oktober 2007. Administrerande direktør tilrår i denne saka ikkje å lysa ut nytt anbod, men å utføra desse tenestene i eigenregi frå 1. oktober 2007. Helse Vest IKT og Apoteka Vest har òg behov for å vurdere leverandør innanfor løn og rekneskap. Dei har signalisert at dei ønskjer å kjøpe tenester frå eit felles rekneskaps- og lønskontor etablert som ei avdeling i Helse Vest RHF.

Kommentarar

Fleire utgreiingar peiker på at den langsiktige løysinga for produksjon av desse tenestene er eit felles tenestesenter. Både regional utredning i 2002, samt den nasjonale utgreiinga i 2006 der Helse Sør leia arbeidet peikte på at dette er eit område som vil være blant dei første kor ein bør vurdere organisering som ei regional og kanskje også ei nasjonal teneste. Ved å etablira ein felles rekneskaps- og lønsfunksjon for dei tre føretaka vil vi få etablert ein organisasjon som har som oppgåve å levera tenester til kundar og system, og rutinar som støttar opp om dette vil dermed bli etablert frå starten.

I styresak 008/04 vedtok styret å setja rekneskapen for Helse Vest RHF ut på anbod. Årsaken til dette var å få lasta den transaksjonstunge delen av rekneskapsfunksjonen av frå Helse Vest administrasjonen for å sikra strategisk fokus i ein svært lågt bemanna rekneskaps- og lønsfunksjon. Det har vist seg at delar av rekneskapsoppgåvene, spesielt knytta til konserntransaksjonar ikkje har vært mogeleg å flytta over til den eksterne leverandøren, noko som har ført til at arbeidet med rekneskapen i RHF-et har blitt større enn det som var intensjonen. Årsaken til dette er at omfanget av konserntransaksjonar er stort og krev tett samhandling og inngående kunnskap om føretaksgruppa Helse Vest. Arbeid med å forenkla dette krev utviklingsarbeid som må inkludera alle HFa og RHFe, og dette har vist seg svært vanskeleg for ein ekstern leverandør.

Apoteka Vest har hatt Visma Services som leverandør av rekneskaps- og lønstenester frå oppstarten i 2002. Dei er nøgde med service og oppfølging, men ser fordelar med å være tilknytta eit felles rekneskapskontor for Helse Vest, Apoteka Vest og Helse Vest IKT i høve til å komme inn på felles system og arbeid med felles kodeverk og rutinar. Dei er ikkje nøgde med lønsfunksjonen i dag.

Helse Vest IKT AS har hatt Lindorff Accounting som avtalepart på rekneskap og lønstenestene sidan oppstarten i 2005. Dei har hatt problem av ulik karakter og har av den grunn styrka sin eigen økonomifunksjon sin sidan oppstarten. Helse Vest IKT AS har den seinaste tida sett betringar i leveransen, men dei legg som sagt meir eigen

kapasitet inn i oppfølging av rekneskap og løn. I og med at avtala med Lindorff Accounting no går ut så ønskjer de no å kjøpa tenesta frå eit rekneskap og lønskontor i Helse Vest RHF.

I dag er det to eksterne rekneskaps- og lønsbyrå som utfører desse tenestene for Helse Vest RHF, Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS på ulike system. Ein vil lettare kunne arbeide med standardisering og kvalitet enn i dag ved ei samling av funksjonane. Det er og ei målsetting at alle føretak i konsernet skal ha felles system for rekneskap og løn for å dermed å lettare kunne trekka ut styringsinformasjon.

I tillegg kan det vera ønskeleg at ein legg nokre konsernfunksjonar til eit felles rekneskaps- og lønskontor for dei tre føretaka.

- Dette gjeld i første rekke forvaltningsfunksjonar for datasistema, dvs den delen som gjeld å ha oppdaterte og moderne system, at brukarane blir oppdaterte og får komme med tilbakemeldingar, tilrettelegge for prioritering av vidare utvikling av sistema, oppfølging av avtalar med Helse Vest IKT for tenester som dei leverer mv. I oppstarten blir de og viktig å ha kapasitet til å innføre dei felles sistema for rekneskaps- og lønskontoret.
- I tillegg bør rekneskaps- og lønskontoret ha ein leiar med kapasitet til å greie ut muligheter for ytterligare samordning innanfor rekneskaps- og lønsområdet i konsernet, eksempelvis felles kodeverk, felles rutinar mv.

Økonomisk vurdering

Alle helseføretaka i Helse Vest vil løpet av året ha felles system for rekneskap og løn/personal. Det er ei målsetting å få heile føretaksgruppa over på dei felles sistema uavhengig av om tenestene blir gjort av eit privat rekneskapsbyrå eller i eigenregi. Kostnadene til dette vil derfor truleg bli like i begge handlingsalternativa.

Alternativet anbod

Dei tre føretaka har i dag følgjande samla kostnader for føring av rekneskap og løn.

| | |
|-----------------------|--------------------|
| Apoteka Vest | ca 2,0 mill |
| Helse Vest IKT | ca 1,0 mill |
| <u>Helse Vest RHF</u> | <u>ca 1,0 mill</u> |
| Sum | ca 4,0 mill |

Prisane for rekneskap og løn for Helse Vest RHF og Helse Vest IKT AS er vurdert til å være svært låge i dag. Et ev nytt anbod ville vi forventa ville medført ein prisoppgang på om lag ein million kroner som ein følgje av prisvekst, men og behov for heving av kvaliteten på tenestene. I tillegg kjem kostnader som er felles for begge alternativa (drift av felles system mv.)

Alternativet rekneskaps- og lønskontor

Eit grovt anslag på behov ved oppsett av rekneskaps- og lønskontor er anslått til fem årsverk, samt ein systemforvaltar og ein leiar for kontoret. Eit anslag på kostnadene til dette er vist i tabellen under.

| Budsjett | 2007 | Heilt år |
|--|-----------------|-----------------|
| Lønn og sosiale kostnader 6 medarb + 1 leiar | kr 1 605 000,00 | kr 3 850 000,00 |
| Lokale, it, kurs, telefon, andre kost | kr 395 000,00 | kr 950 000,00 |
| | kr 2 000 000,00 | kr 4 800 000,00 |

Lokale: Helse Vest RHF har ein opsjon på å få leige eit areal på 115 m² i Nådlandskroken 11. Lokala er skilt frå Helse Vest RHF administrasjonen med to dører, men er likevel så nær at det vil være lett å halde kontakt. Dei er såleis vurdert som veleigna til føremålet.

På den positive sida vil kostnader til ekstern rekneskap og lønstenester bli redusert dei tre siste månadene av året med om lag ein million kroner

Kostnader til etablering av kontoret

Ved etablering av kontoret vil ein måtte kjøpa inn kontormøblar, tilpassa IT og telefonliner, noko som er estimert å kosta om lag 300.000 kroner.

I tillegg vil ein ha behov for å leige inn konsulenthjelp innafor ei ramme på om lag kr 600.000.

Tilråding

I vurderinga over er det føresett at det nye rekneskaps- og lønskontoret skal levera om lag same tenester som i dag. I planlegginga framover vil ein sjå nærmere på kva som er ein optimal arbeidsfordeling mellom føretaka og rekneskapskontoret. Det kan i den vurderinga bli aktuelt å justere tenesteomfanget slik at føretaka og/eller rekneskapskontoret utfører meir eller mindre tenester enn i dag. I så vil vi måtte justera budsjettet for rekneskapskontoret tilsvarande.

Med bakgrunn i utgreiinga over vil administrerande direktør tilrå å oppretta eit felles rekneskaps- og lønskontor i Helse Vest RHF som skal levera tenester til Helse Vest RHF, Apoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS frå den 1. oktober 2007. Kontoret vert lokalisert til Nådlandskroken 11 på Forus.

Kontoret er organisatorisk førebels tenkt lagt til RHFe og rapporterer til økonomi- og finansdirektøren. Seinare kan det bli aktuelt å vurdere å skilja kontoret ut i eit eige aksjeselskap.

Oppstart

Kontoret er planlagt å ta over rekneskap og lønstenestene pr 1. oktober 2007. For å få til dette må prosjektet med detaljplanlegging og førebuingar for oppstart starta umiddelbart etter vedtak i styret.

Ein tar sikte på å engasjera ein prosjektleiar som kan koordinere aktivitetane som er naudsynte for å etablera kontoret.

- Sette opp detaljert prosjektplan
- Rekruttering av medarbeidrarar til rekneskap og lønskontoret startar umiddelbart slik at dei første medarbeidarane kan være på plass før sommaren for å førebu overgangen med å få opp naudsynte system, klargjøring av kontor, etablera avtalar med kundane, mv.
- Likeeins må ein varsle at vi tek i bruk opsjonen på tilleggsareal i Nådlandskroken 11.
- Kartlegging og dokumentasjon av rutinar som er naudsynte for kontoret.
- Avtalar med kundane til kontoret.
- Kontrollere og initiere tiltak for å kontrollere risiko i prosjektet.

Arbeid og førebuing rekneskaps- og lønskontoret vil føra til at det vil vera doble kostnader til rekneskap- og lønsfunksjonane delar av året. Det er berekna kostnader til drift i fem månader i 2007, medan kontoret ikkje vil overta oppgåvene før 1. oktober 2007.

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar å etablera eit felles rekneskaps- og lønskontor som skal levera tenester til Helse Vest RHF, Helse Vest IKT AS og Apoteka Vest HF frå 1. oktober 2007.
2. Kontoret vert etablert med sju stillingar ved oppstarten.
3. Kontoret vert etablert som ein del av Helse Vest RHF og rapporterer til økonomi- og finansdirektøren.